



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 11/2017

Møtedato: 26.6.17

Møtestad: Vaset

Saksbehandlar: Harald Ranum

F385 – søknad om inngjerding

Kari Hagen Eide søker om å få gjerde inn ca. 1,5 daa rundt hyttefeste 385. Festet ligg ved Håkonsletta langs Grunkevegen, mellom Halvorstølen og Bukono. Søknaden er grunngjeven med at det er mykje beitedyr i området.

Statskog avgjer søknaden etter §12 i fjellova etter uttale frå fjellstyret. Statskog ber fjellstyret om uttale til søknaden. Søknaden er grunngjeven med at det er mykje beitedyr i området.

Etter tomtfesteloven disponerer festaren 1 daa når det gjeld punkt feste. I utgangspunktet er det ikkje lov å gjerde inn, men det har vore praksis å få gjerde inn ca. 0,5 daa når det er ulempe med beitedyr. Fjellstyret behandla dette som ei prinsipp sak i sak 53/2000 og har sidan fylgt følgjande prinsipp:

Fjellstyret tilrår inngjerding av hytter bør skje etter følgjande retningsliner:

1. Hytter skal i utgangspunktet ikkje føre opp gjerde.
2. Etter skriftleg søknad kan det gjevast dispensasjon til inngjerding når det ligg føre særleg behov, t.d. mykje beitedyr.
3. Gjerde skal førast opp av trematerialar. Portalar e.l. er ein del av gjerde og skal ikkje tillatast.
4. Løyver for inngjerding skal kunne seiast opp med 6 månaders varsel.
5. Ved hytter på stølsjorder skal ein normalt kunne gjerde inn hyttetunet. Hyttefestaren skal også føre opp gjerde dersom stølsbrukaren krev det.
6. For hytter i hyttefelt skal det berre gjevast dispensasjon for mindre inngjerdingar t.d. uteplass/inngangsparti.
7. For hytter utanom stølsjorder og hyttefelt kan det gjevast dispensasjon for inngjerding av inntil 500 m², men det kan i særlege tilfelle gjevast løyve for større areal.
8. Ved festeoverføringar og søknad om byggeløyve skal ein prøve å få eldre inngjerdingar i samsvar med overståande.

Kommunen har vedteke reglar for inngjerding av hyttefester. Inntil vidare gjeld desse reglane ikkje for statsallmenningen, men etter revisjon av kommuneplan vil dei gjelde. Reglane tillèt inngjerding av 500 m² pluss tillate bygningsareal (det har ingen betydning om det på eldre fester er større bygningsareal). I statsallmenningen vil det i praksis seia inngjerding på 600 m². Statskog som grunneigar kan setja strengare reglar. Det kan vera ryddigare å ha eitt sett reglar å halde seg til og fjellstyret bør vurdere om ein skal tilråda Statskog å følgje det kommunale regelverket.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret tilrår Statskog å følgje det kommunale regelverket når det gjeld søknader om inngjerding. I denne aktuelle saka vil det då kunne gjerdast inn 600 m².

Vedtak:

Fjellstyret tilrår Statskog å følgje det kommunale regelverket når det gjeld søknader om inngjerding. I denne aktuelle saka vil det då kunne gjerdast inn 600 m².

Einstemmig vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 26.6.17

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog